



Eikelva er vasskjelde for uskedalingane. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalingane kan slutta med å koka vatnet i løpet av dagen, opplysar vassverkleiar Hans Reidar Kjærland til uskedalen.no i føremiddag.

Kloringa starta i går, men det tar si tid å spreia kloren rundt om på heile nettet.

Men Kjærland reknar med at mengden av kolibakteriar i vatnet no uansett er på veg ned ettersom det ikkje lenger er flaum i vassdraget og vatnet verkar mykje reinare. Det var også i utgangspunktet små bakteriemengder i vatnet, forårsaka av stor vassføring og forureining..

- Er det teke nye prøver?

- Sjølvst, men det tek jo fleire dagar før analyseresultata føreligg slik at vi veit meir om tilstanden i vassdraget.

Bakteriane skal jo også dyrkast.

Av Ola Matti Mathisen